

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 4. juni 2020 13:48
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 22/2020, 4. JUNI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 22/2020, 4. JUNI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

STUDIESTART OVER TO DAGAR

Det er no bestemt at det vert fysisk opning av studieåret 2020/21 ved Høgskulen i Volda. Opninga vil gå føre seg 18. og 19. august. – Vi er glad for å ha tatt avgjerda om at det blir studiestart i Volda der studentar og faglærarar får møte kvarandre fysisk, seier [Odd Helge Mjelle Tonheim](#), prorektor ved Høgskulen i Volda (HVO). [Les meir på våre nettsider.](#)

SKULESTART KL 08.30 FRÅ HAUSTEN - LENGER SKULEDAG - BETRE TILPASSA BUSSANE

Arbeidet med romkabal for hausten 2020 går for fullt og det er mykje som ikkje er avklara. Men kriseleiinga har bestemt at normal skulestart om morgonen frå hausten av blir skunda fram frå klokka 09.15 til klokka 08.30. Undervisningsroma vil bli tinga i trekvarters bolkar, så første pause blir då kl 09.15-09.30. Skulestart kl 08.30 og kl 09.30 vil også passe svært godt med busstilbodet for pendlarar som reiser til Volda frå Ålesund, Ørsta, Hareid/Ulstein/Herøy/Sande og frå Stryn.

BETRE BUSSTILBOD - BILLEGARE BUSSKORT?

Busstilbodet til og frå Høgskulen i Volda vil hausten 2020 bli betre og billegare for mange studentar. Mellom Volda og Ørsta blir det til hausten bussavgangar ca kvart 20. minutt i tida ca kl 7-10 om morgonen og ca klokka 14-17 om ettermiddagen. Alle desse bussane vil passere Høgskulen i Volda. Fram Møre og Romsdal vurderer også å kome med eit rabattkort som gjer det endå billegare å reise med buss for studentar. Som døme på pris vil eit månadskort for studentar kan kunne koste ca kr 600-700. I dag kostar eit månadskort for student mellom Ålesund-Volda ca kr 1.100.

NYE STIPENDIATSTILLINGAR BLIR LYST UT FØR SOMMARFERIEN

Høgskulen i Volda vil før sommarferien truleg lyse ut ca 10-12 stipendiatstillingar. 6 av stillingane kom frå korona-pakken i lag med 100 nye studieplassar. Desse 6 stillingane var øyremerkta av KD til fagmiljøa som fekk studieplassar: Barnehagelærer, GLU, PPU, sosialfag, planlegging/administrasjon og animasjon. I tillegg vil høgskulen framskande utlysing av dei ordinære stipendiatstillingane. Her blir det etter planen stipendiatstillingar på ph.d.-en i helse og sosialfag (3), lærarutdanning (2), kultur møte, kulturfag og ei er open. Forskingsutvalet vil ha eit eige møte om utlysing av stipendiatstillingar, truleg torsdag 18. juni.

STYREMØTE 11. JUNI

Neste styremøte for Høgskulen i Volda blir torsdag 11. juni. Styremøtet vil bli arrangert som fysisk møte. På dagsorden står blant anna økonomirapportering, framtidige økonomiske utsikter, status når det gjeld toppkompetanse, delegeringsreglement, forskingsmelding og status når det gjeld sjukemeldingar. [Les meir om styresakene på våre nettsider.](#)

FEKK GODKJENT MASTER I BARNEHAGELÆRARUTDANNING

Kvalitetsorganet NOKUT har akkreditert (godkjent) Høgskulen i Voldas plan for master i barnehagelærerutdanning. Det fulle namnet på utdanninga er: "Master i barnehagekunnskap - ei

heilskapleg tilnærming til barnehagens læringsmiljø". [Dosent Bente Vatne](#) har koordinert søknadsarbeidet ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Høgskulen vurderer no om dei første studentane kan ta til alt hausten 2020.

SKAL KARTLEGGE KUNST

Høgskuleleiinga har sett ned ei arbeidsgruppe som har fått i oppgåve å kartlegge kunstverk på Høgskulen i Volda. Arbeidet skal vere utført 1. november 2020. Medlemmer av utvalet er [Janne Heggvoll](#) (AKF), Gunnar Strøm (em. AMF), [Gro Bårdseth](#) (ASH), [Gaute Hareide](#) (AMF), [Bente Afset](#) (AHL) og [Robert Steinnes](#) (AKF). Janne Heggvoll og Gunnar Strøm er også medlemmer i eit utval som arbeider med [utsmykking av mediehuset i samarbeid med KORO](#), og det var i arbeidet med dette det vart klart at det manglar eit oversyn over kunstverka på Høgskulen i Volda.

AMF: SKAL FORSKE FOR MEDIETILSYNET

Avdeling for mediefag (AMF) ved Høgskulen i Volda har fått rammeavtale med Medietilsynet for å gjennomføre innholdsanalyser for tilsynet og også andre oppdrag kan vere aktuelle. Avtalen varer i inntil fire år. AMF har også hatt denne oppgåva for medietilsynet fram til i dag.

AMF VIL MARKERE 50-ÅRS JUBILEUM

Avdeling for mediefag tok opp sine første studentar i 1971 og vil nytte høvet til å markere dette 50-års jubileet når det nye huset opnar sommaren 2021. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal vere med på arbeidet og medlemmer av gruppa er: Gunnar Strøm, Ketil Jarl Halse, Solgunn Ose Bjørneset og Torbjørn Frantsen/Synnøve Amdam.

KANTINA LEVERER MAT PÅ BESTILLING

Dei tilsette på studentkantina på Høgskulen i Volda har vore permitterte sidan i mars. Kantina har opna for matbestilling, men ver ute i god tid. Det blir ikkje mogleg å handle over disk ut dette semesteret.

NO PURRAR BIBLIOTEKET IGJEN

Sidan 2. juni har biblioteket sendt ut purringar på bøker lånt i biblioteket. Om det kjem purringar på HVOs eigne bøker er det fordi det står andre lånarar på venteliste.

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når det (helst) finst lenke til ei bok eller ein tidsskriftartikkel du har fått publisert.

PUBLISERING (2): KNUT-WILLY SÆTHER ER MEDREDAKTØR

[Professor Knut-Willy Sæther](#), AHL, er ein av fem medredaktørar i ny vitskapleg antologi: [Studies in Science and Theology: Nature and Beyond](#). Volume 17 (2019-2020).

PUBLISERING (3): MARIE NEDREGOTTEN SØRBØ I NORSK OVERSETTERLEKSIKON

Professor Marie Nedregotten Sørbo, AHL, har publisert ein temaartikkel i Norsk Oversetterleksikon: ["Jane Austen på norsk"](#). Artikkelen inneheld ein oversikt over og analyse av dei norske omsettingane av Jane Austen sine romanar.

SANNING OG MISKUNN: ODD RAGNAR HUNNES HAR BLITT PENSJONIST

Dekan Odd Ragnar Hunnes har frå 1. juni gått over til å bli emeritus og flyttar inn på pensjonistkontor. Han vil dei neste tre månadene også stå til rådvelde for avdelingsleiinga ved AMF. I sin siste "Oddcast" (Nyhendebrev) skreiv han nokre avskilsord som fleire kan ha glede av å ha med seg:

"Eg meiner å kjenne til ei 'oppskrift' som fungerer godt for alle menneskelege fellesskap, også i kvardagen. Det er å få til ein god balanse mellom dei to sanning og miskunn (nåde). Kvar av dei er avgjerande viktig, og det er balansen mellom dei to som er gull."

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

28.5.2020: Styremøte ([video frå møtet](#))

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#)

Studieåret 2020-2021

18.-19.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund (AVLYST)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

28.-29.10: Utdanningsdagane

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

28.05.2020: [Orientering til høgskulestyret](#)

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

